



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/17 - 18/13940

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

30.04.2018

Etterlyser ferdigmelding fettutskiljar - gbnr 188/357, Gjervik Ytre

Teknisk drift etterlyser ferdigmelding fettutskiljar – gbnr 188/357, Kvassnesvegen 3 & 5, Gjervik Ytre.

Vi ber om at ferdigmelding for anlegg vert sendt inn for godkjenning snarast. Vi gjer merksam på at godkjent ferdigmelding skal ligge føre før anlegg vert teke i bruk.

Ferdigmeldingskjema for fettutskiljar finn du på kommunen sin heimeside:

<https://www.lindas.kommune.no/vatn-og-avloep.353285.nn.html>

Med skjema skal det leggst ved «As built» teikningar som viser kva som er ført på anlegg. Det skal også leggst ved VA-kart som viser tilknytingspunkt til kommunalt leidningsnett. Det er, per dags dato, ikkje sendt inn kopi av tømmeavtale mellom anleggseigar og godkjent tømmeoperatør. Dersom slik avtale er inngått kan denne leggst ved ferdigmeldinga. Om slik avtale ikkje ligg føre, må eigar av anlegg inngå avtale snarast og levere inn kopi til kommunen.

Kopi er sendt til grunneigar som er abonnent på avløpstenester i Lindås kommune. Grunneigar har det juridiske ansvaret for anlegg som er knytt på kommunalt leidningsnett.

Det er med heimel i forureiningsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune (02.02.2006) og «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift sett krav til utskiljaranlegg som er tilknytt kommunalt leidningsnett. Fettutskiljaranlegg som er tilknytt offentleg spillvassnett skal sørge for at vegetabilsk og animalsk fett vert skilt ut frå avløpsvatn, slik at dette ikkje vert ført inn på leidningsnettet og til reisneanlegg og påfører dette skade.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Kopi til:

Kvassnesvegen 3 & 5 AS

c/o Coop
Hordaland
Postboks 73
Nesttun

5852

BERGEN

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914

ISDALSTØ